

DAG OG TID

– den nynorske vekeavisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøve-nummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



Tips oss – om ein typisk DAG OG TID-lesar som ikkje les Dag og Tid.

Send SMS til 2007 slik: TYPISK følgd av namn og adresse til personen. (Døme: TYPISK Jonas Gard Større, Riksvegen 10, 5020 Bergen).

Han eller ho du tipsar om, får tre nummer av Dag og Tid, heilt utan plikter. Du får eit Flax-lodd som takk for hjelpa.



Tjue år på vente-rommet

Europautgreiinga peikar på det slående mishøvet mellom omfanget av integrasjonen vår i EU og kunnskap og debatt om dette.



ØYVIND ØSTERUD

Kommentar

Med elleve mot éi røyst seier den ferske Europa-utgreiinga at Noreg er knytt til om lag tre fjerdedelar av det totale EU-samarbeidet. Hovudtyngda ligg i EØS-avtalen. I tillegg kjem Schengen-avtalen, justissamarbeidet, forsvars-, utanriks- og tryggleikspolitikken og mykje anna. Utgreiinga løysar den oppgåva ho fekk; her er eit vell av konkret informasjon og nyanserte analysar som grunnlag for ein meir informert debatt.

Dei økonomiske sidene ved samarbeidet har berre auka sidan 1992. Aukinga vil halda fram. EU dekkjer eit stendig vidare område med fleire land; kurva for nye avtalar er jamt stigande; nye rettsreglar frå EU kjem fortløpande inn i EØS og Schengen; Noregs plikter vert stendig utvida gjennom domstolstolking av EU-retten; og Noreg tilpassar seg einseitig EU-samarbeidet på felt som ikkje er dekte av avtalar. Jamvel landbruket, som saman med fisket var det viktigaste unnataket frå regelverket i EU, er gjerda inn av ei lang rekkje direktiv om matproduksjon og vilkår som kjem frå EU.

For mange var EØS-avtalen eit politisk kompromiss mellom tilhengjarar og motstandarar av full medlemskap; for andre var han tenkt som eit kortvarig taktisk venterom mot medlemskapen. For nokre få – i KrF og Venstre – var det den beste løysinga.


INNANFORLANDET NOREG

Nett no har venterommet vart i tjue år, og det strekkjer seg ubestemt inn i framtida. Utgreiinga peikar på det slående mishøvet mellom omfanget av

Noregs integrasjon i EU på den eine sida og kunnskap og debatt om desse tilhøva på den andre. Utanforlandet er omforma til eit svært konformt innanforland, utan dissensar frå motstandarpartia i mykje av den praktiske tilpassinga.

Kva er forklaringa på dette mishøvet? Vi hadde kanskje ført mykje av den same politikken i alle fall. Men det forklarar ikkje alt. Det er ofte uklårt og uoversynleg kvar vedtak og vilkår eigentleg kjem ifrå. Dette forklarar heller ikkje alt. Svært mange er samde om at EØS-avtalen skaper ei rekkje problem knytte til passiv mottaking av reglar som Noreg ikkje har teke del i utforminga av. Likevel vert dette lite diskutert. Utvalet seier at tilhøvet er vanedannande. «Når ein lever med eit problem i tjue år, kan ein etter kvart venja seg til det. Det har skjedd i Europa-politikken.» Og her er utvalet samstemt. Norske borgarar har fått EU-politikken under huden, med dynamiske lover og stendig nærare tilpassing på samfunnsfelt etter samfunnsfelt. Det vert som med klimaet og været.

Samstundes trur svært mange at EØS-avtalen har vore nøkkelen til velstand og rikdom gjennom tjue år. Det syner meiningsmålingar. Avtalen opnar den europeiske marknaden og forklarar mykje av den norske vekstøkonomien. Dette trur òg fleirtalet i utvalet. Her støyter dei på den avgrensinga som mandatet gav. Dei skulle ikkje greia ut om alternativ til EØS. Dei kan ikkje vita kva ein handelsavtale kunne ha hatt å seia for norsk økonomi og vareomsetnad ute. Ressurpolitisk er Noreg noko av ei stormakt, ein tung aktør i forhandlingar. Her er det dei seier om den sveitsiske løysinga, interessant. For Sveits kan det koma på tale å kringsetja dei meir enn 120 sektoravtalane med ein samla rammeavtale, men det er lite truleg at Sveits skulle gå med på noko som liknar EØS-avtalen.



Oslo, januar 2012: Utvalet som har gjennomgått Noregs røynsler med EØS-avtalen leidd av Fredrik Sejersted.

SJØLVSTENDET KRYMPAR

Utvalet er samstemt i synet på dei maktendringane som EØS-avtalen har ført til. Dei seier at netto maktforskyving frå nasjonalt til overnasjonalt nivå er minst like omfattande for Noregs del som for EU-statane. Det nasjonale sjølvstendet, og difor spelerommet for folkevalde organ, er krympa. Overnasjonale institusjonar med svake folkevald lovgjevingsmakt spelar ei større rolle.

For det andre seier utvalet at

Norske politikarar og veljarar har akseptert EØS-avtalen fordi det førebels går så utruleg bra i Noreg.

den utøvande makta er styrkt på kostnad av den lovgjevande. Regjering og forvaltning har vorte tyngre aktørar på viktige område, medan parlamenta er trengde attende. I EØS er Noreg ein typisk lobbynasjon, med brei og litt uoversynleg kontaktflate i Brussel, men det er først og fremst forvaltninga som driv lobbyverksemd og handterer det ekspanderande regelverket. Rolla

til Stortinget er oftast meir rutineprega når lovverket skal harmoniserast i etterkant.

For det tredje seier utvalet at den dømdande makta er styrkt på kostnad av både den utøvande og lovgjevande makta. Domstolane, og ikkje minst EU-domstolen, er maktvinnarane i EU-systemet. Dei tolkar uklære traktatar, lover og direktiv. Dei har eit stort spelerom for aktiv integrasjonspolitikkk med utvida tolkingsmakt. Det var domstolspraksis som i si tid gav gjennomslag for prinsippet om at alle EU-lover var direkte gjeldande rett i kvart einskilt medlemsland og overordna vanleg lovgjeving i landa. Dette leidde til ein rettsrevolusjon i Europa, med større ubalanse mellom domstolsmakt og folkevalde organ i den rettslege utviklinga.

Det er ein tilsvarande rettsrevolusjon som driv EØS-avtalen inn i stendig nye område og med stendig meir samfunnsformande verknader. Traktat, lovprinsipp og direktiv er domstolstolka til større presisjon og med breiare verkefelt, steg for steg i ei lang rekkje saker i EFTA- og EU-domstolen. EØS-avtalen er difor langt meir omfattande og samfunnsendrande i dag enn han var i 1992, sjølv om Stortinget har vore ein medspelar gjennom tjue år.

DEMOKRATIPROBLEM

I prinsippet er EØS-avtalen ein folkerettsleg avtale som ikkje